



INFORMASJON OM SAMTYKKE

Evaluering av prosjektet «COMPLETE - Gode psykososiale læringsmiljø betrar gjennomføring i den vidaregåande skulen»

Kjære foreldre/føresette

For å komme til samtykkeskjema, [klikk her](#), eller nedst i dette informasjonsskrivet.

Informasjon om studien:

Vi er ei gruppe forskarar frå Universitetet i Bergen, Nordlandsforskning og Oxford Research som har fått i oppdrag av Kunnskapsdepartementet (KD) å gjennomføre ei evaluering av ulike tiltak som skal auke gjennomføringa i vidaregåande skule. Målet for evalueringa er å undersøke om tiltaka medverkar til å skape eit betre psykososialt miljø og læringsmiljø på utvalde vidaregåande skular.

Skulen som dottera/sonen din skal byrje på, har sagt seg villig til å delta i denne studien, og i det høve inviterer vi ho/han til å delta i ei spørjeundersøking. Undersøkinga har spørsmål om ho/han sjølv, forventningar ho/han har til det sosiale miljøet i klassen og ved skulen, korleis ho/han opplever skulearbeidet og hennar/hans relasjon til andre ved skulen.

Spørjeundersøkinga vil bli gjennomført i løpet av ein skuletime. Forskarar vil vere til stades under gjennomføringa og svare på spørsmål. Første spørjeundersøkinga skal gjennomførast ved skulestart hausten 2017. Deretter vil det gjennomførast ei oppfølging våren 2018, 2019 og 2020.

For å auke kunnskapen om gjennomføring i vidaregåande opplæring ønskjer vi å sjå elevane sitt svar i samanheng med eksisterande registerdata om prestasjonar, fråvær og eventuelle sluttårsaker.

For å kunne følgje eleven over tid nyttar vi eit unikt, ikkje identifiserbart id-nummer. Dette nummeret brukar eleven når ho/han svarar på undersøkinga, og til å setje saman registerdataa frå fylkeskommunen med svara på spørjeskjemaet. Datafila frå fylket vil innehalde unik id, kjønn, studieretning, snittkarakter, fråvær og eventuell årsak til fråfall. All informasjon vil vere anonymt på forskarane sine hender. Handteringa av koplingsnøkkelen blir handsama av fylkeskoordinator og vil ikkje vere tilgjengelig for forskarane.

Det er frivillig for dottera di/sonen din å delta i prosjektet, og all informasjonen som ho/han eventuelt gir frå seg vil vere konfidensielt og ikkje tilgjengelig for nokon andre, inkludert foreldre/føresette og hennar/hans lærar. Dottera di/sonen din kan trekke seg frå studien på eitkvart tidspunkt ved å informere oss direkte eller gjennom læraren sin. Dette gjeld óg dersom du ikkje ønskjer at me skal nytte svara som dottera di/sonen din eventuelt allereie har gitt oss. For at dottera di/sonen din skal kunne bli med i denne undersøkinga, er vi avhengige av løyve frå deg.

Ved å gi løyve til å ta del i dette prosjektet, gir du oss høve til å nytte svara frå spørjeskjemaet til vitskapelege arbeid, og eventuelt publisere resultata i vitskapelege tidsskrift, så lenge dottera di/sonen din sin anonymitet blir ivareteken.

Når evalueringsstudien er avslutta vil skulen få ein rapport der resultata frå studien blir presentert. Vi set stor pris på om du vil la dottera di/sonen din delta i studien.

Dersom du har spørsmål om prosjektet, ta kontakt med ein av oss.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Vi oppfordrar deg til å svare på samtykkeskjemaet uavhengig av om du ønskjer eller ikkje ønskjer at barnet ditt skal delta.

For å komme til samtykkeskjema, [klikk her](#), eller øvst i dette informasjonsskrivet.

Venleg helsing
Professor Torill Larsen
Mobil 41 50 11 27
Prosjektleder, UiB

Helga Bjørnøy Urke
Mobil 91 38 45 57
Prosjektkoordinator, UiB



UNIVERSITETET I BERGEN

